Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3. Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Time

Emne: Brynet Bygdelag: Nedre Time, ½ mil fraa sjøen

Oppskr. av: Jon Line, 84 aar gl. Gard: Line

(adresse): Bryne G.nr. 5 Br.nr. 2 og 8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigi röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Brynet.

Namnet "Bryne" er kjent her, men lite brukt i talemaalet. Bryne (eit). Ein kan höyra at ein mann maa bryna (v) ljaaen eller eit anna reidskap.

1) Det vanlege ord for bryne er kvassteidn (ein). Kvassteidn, helst etter uttalen og meiningi dette siste: Kvass-steidn (ein). Og istaden for aa bryna noko segjer ein kvedja (v) "No maa du kvedja kniven, han bit ikkje spóno." Kvassteidn d. e. kvessesteidn, stein som ein gjer noko kvasst, skarpt med. Dette er greit.

Hein (ein) er ikkje det same som bryne elle kvassteidn. Me segjer i fleirtalsform heidn. Denne er finare enn alm. Kvassteidn og er brukt mest til aa kvedja rakeknivar med og anna reidskap med fin egg.

2) I seinare aar her det kome i bruk bryne av kunststein, men det er helst bryne av naturstein som er det vanlege. Her finst ikkje naturleg brynestein i bygdi; og hev eg höyrt gjete at brynesteinen kom helst fraa Hardanger. Me kjöpte brynet i Stavanger i eldre tid. Seinare daa dette vart landhandlarar kjøpe desse.

3) Alle reidskap vert fyrst slipt paa ein rund slipestein og etter paa kvesst med bryne, dette gjeld baade rakeknivar (barberknivar) og andre knivar som skal bita godt.

201

4). Ingen minnest at Ljaaen vart tynnt med hamar, og mest ingen hev höyrt gjete slik uttynning av Gjaa-eggi med hamar. Men eg veit korso at ein i gamle dagar paa Jæren tynnte Ljaa-eggi ut med hamar, tynnslehamar, paa eit tynnsle-ste. Fraa andre stader i landet veit eg um denne maaten t.d. fraa Sætesdalen – i all fall for ein god mannsalder sidan. Men eg hører segja at det er minst 200 aar siden ein tynnte eit Ljaa eggi med hamar paa eit stë her paa Jæren. Meir kan eg ikkje segja um dette spursmaalet.

5) Ein slik stein er aldri brukt her. Dei andre spursmaali vedkomande denne steinen fell soleis burt.

6) Kor lenge ein brukar Ljaaen fyrr ein sliper han paa slipestein? Tja, til han er utskjemt og ikkje bite lenger, og kor lang tid det er maa Vaarherre vita

7) Ein brukar berre steinbryne her. Tre-bryne hev eg nok set som gutunge for 70 aar sidan og eg trur dei kalla det brynestikka eller berre trestikka.

8) Ein tek Ljaaen or orvet alltid naar ein sliper han – elles kan ein ikkje slipa godt. Kan det tenkjast at folk er so faavituge at dei sliper med Ljaaen i orvet? Sume sliper med Ljaa-eggi mot seg, andre med eggi fraa seg.

9) Ein støyter orvet med den øvre, spitse ende i marki, held so Ljaaen med vinstre haand og let den glida etter handi eller millom fingrarne, og kvedjer med høgre handi fraa hjoet og utetter til spissen av Ljaaen. Ein brukar berre langorv her.

10) Ein hev kvassteinen i lomma eller og so i ein skaalje som er arbeidd av tre eller blekk, som ein hev vatn i, elles spytter ein paa kvassteinen.

201
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

11) Her ikkje höyrt at brynet er baaret korkje i okse= eller kuhorn

12) Ein festa skaalpen i ein knapp i bukse eller i ei reim kring livet helst paa höyre sida litt bak.

13). Ein væter brynet med vatnet som ein har i skaalpen. Aldri med noko anna.

14) Her ikkje höyrt noko namn for det mjölet som kjem ved bryning, men det mjölet som kjem av slipesteina blanda med vatn naar ein sliper heiter slibegrud (ein)

15) Her aldri höyrt at avfall av bryne= eller slipestein er brukt korkje som medisin eller anna.

16) — — — —

17) Det er kjent at bryne steinane vert betre av aa liggja i vatn, ikkje i noko anna

18). Nei, brynet her aldri tala hjaa oss. Men kvernarne tala stödt i gamle dagar, og Fossgrimen baade tala og spela —.

19) Det kunde henda at ein sa: Tvi — to! eller kanskje noko stygt — etter som humöret var. Og eg har höyrt slaattekaren i gamle dagar herma bryne=ljoden fraa ljaaen med desse ordi: Tobak tygga=

20). Nei! tobak tyggar! Klingbele. Klingbede (ein) ... !

---

Eg kan leggja til at bryning og sliping av ljaa er det omlag slutt med yver heile Jæren. Undantatt paa smaabruk og ljaa husmenn. No er det slaamaskin allestader. Ungdomen kan ikkje bruka ljaasorv. Det graset som ikkje slaamaskina kan ta, faar staa att.

J. L.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM 201
BYGDØY